

Rullering av kommuneplanens arealdel for Vinje kommune.

Arealstrategiar for planarbeidet

Vedteke i kommunestyret 16.04.2024 i sak 52/24

Bakgrunn

Kommuneplanens arealdel er ein overordna, strategisk plan. Planen skal vise samanhengen mellom framtidig ønska samfunnsutvikling og arealbruk. Arealstrategiane under er utforma med utgangspunkt i føringar i kommuneplanens samfunnsdel for Vinje og drøftingar i verkstad om kommuneplanens arealdel i kommunestyret 30.01.2024. Desse vert foreslått som førande for vidare planprosess, både for grovsiling av innspel og utarbeiding av planforslag.

Etter at arealstrategiane er fastsett, vil administrasjonen gjera ei grovsiling av arealinnspele som har kome inn til planarbeidet og sile ut innspel som ikkje er i tråd med fastsette arealstrategiar. Resultatet av grovsilinga vil bli lagt fram til politisk handsaming før vidare arbeid med konsekvensutgreiing av arealinnspele.

Arealstrategiar for planarbeidet

Planen skal byggje opp under sentrumsutvikling i kommunesenteret Åmot og lokalsentra Rauland og Haukeli/Edland.

- Sikre at funksjonar som byggjer opp under sentrum lokaliserast hit, som bustader, tenestetilbod, handel og anna publikumsretta næring.
- Leggje til rette for fleire og meir varierte bustader i sentrum.
- Gi overordna føringar for ein heilskapleg sentrumsutvikling som sikrar grøntareal, møteplassar, aktivitet, universell utforming, trafikktryggleik og arkitektoniske kvalitetar.
- Avgrensing av tettstadene definerast i planen.

Planen skal leggje til rette for ein variert bustadbygging. Satsingsområda for bustader skal vera tettstadene.

- Større konsentrasjonar av bustader skal ha gang- og sykkelavstand til sentrum av tettstadene.
- Me vil ha levande grender, og vil fortsette med spreidd bustadbygging i grendene.

Planen skal sikre tilgjengeleg næringsareal.

- Behovet for nye næringsområde skal vurderast opp mot potensialet i allereie avsette område.

- Eventuelt nye næringsområde skal lokaliserast i tilknytning til hovudvegane.
- Planen skal sikre areal til framtidig datasenter.

Planen skal ta omsyn til sårbar natur og viktige naturverdiar.

- Ikkje-realisererte byggjeområde i gjeldande kommuneplan og kommunedelplanar som omfattast av planarbeidet skal revurderast i lys av ny kunnskap og føringar t.d. knytt til myr, leveområda for villreinen, vassdrag og areal over tregrensa.
- Før det leggjast ut nye byggjeområde skal potensialet i eksisterande område vera vurdert.
- Nye byggjeområde skal ikkje vera i konflikt med sårbar natur eller viktige naturverdiar.

Planen skal leggje til rette for eit aktivt landbruk med høve til å utvikle tilleggsnæringar og turisme knytt til gardsbruk.

- Dyrka og dyrkbar mark skal ivaretakast.
- Nye byggjeområde skal ikkje vera i konflikt med verdifulle kulturlandskap.

Framtidig utbygging av fritidsbustader skal skje i tilknytning til satsingsområda Rauland og Vågsliid og ikkje spreidd i kommunen.

- Satsingsområdet for fritidsbustader på Rauland er området innanfor kommunedelplan for Rukkemo-Torvetjønn.
- Ikkje-realisererte hytteområde og areal til spreidd hytteutbygging utanfor satsingsområda vurderast tatt ut.

I planarbeidet skal det vurderast verkemiddel for å kanalisere ferdsel for å ivareta sårbar natur og tilrettelegging av utfartsområde.

- Bruke medlemskapen i Norges nasjonalparkkommunar og statusen som nasjonalparkkommune til å fremje balansen mellom vern og bruk i randsonene rundt Hardangervidda nasjonalpark og andre verneområde.
- Planen må taka omsyn til ferdsel inn i beiteområda til husdyr, og leveområda til villrein og anna vilt.

I planarbeidet skal det vurderast korleis framtidig busetting på Møsstrand kan ivaretakast saman med naturverdiar og verneverdiane knytt til Unesco verdsarv.

Løysingar i planen skal ta høgde for klimaendringar og i størst mogleg grad unngå klimagassutslepp som fylgje av omdisponering av areal.

- Karbonrike areal som myr, gamalskog og skog med høg bonitet bør ivaretakast.
- Naturbaserte løysingar for klimatilpassing og samfunnstryggleik skal leggjast til grunn.